



REFERAT MØTE 11/18 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato: 18.10.18

Tid:

08.30-12.00

Møtestad:

Statens vegvesen

Møteleiar: Håkon Rasmussen

Arkivsak

Off. lova:

Referent: Even Vaular

Ref. dato:

Deltakrarar: Frå Statens vegvesen (SVV): Grethe Vikane, Håvard Mørch Hunskaar, Kari Beate Rogn, Beate Mæsel, Sindre Lillebø, Ivar Thorkildsen (sak 2), Kristian Bauge (sak 3), Ståle Furnes (sak 5), Svein Viken (sak 5) Hege Løtveit (sak 5).

Frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen, Rolf Rosenlund, Torill Klinker, Jon-Rune Smørdal, Bente Utne, Even Vaular, Inge Edvardsen, Matti Torgersen.

Fråvære: Nils Vetlesand

Kopi til: [Ingrid Holm Svendsen](#) og [Solveig Hollund](#)

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Saker vart lagt til «Ymse». Innkalling og saksliste vart elles godkjent.

Godkjenning av referat frå førre møte:

Referatet frå førre møte vart ikkje ferdigstilt til møtet.

1. 5-årig «Spett-reinsk» i tunnelar – orientere om rutine for kartlegging, innmelding, prioritering og gjennomføring. Kva er bunde opp og blir kostnadsført i 2018? Drøfte behov, prioritering og finansiering i åra som kjem.

5-årig «spett-reinsk» er forankra i Håndbok R610 og avdelingsleiar Grethe Vikane orienterte om rutinen. SVV har gått gjennom kva som må gjerast og kostnadsførast i 2018. Dette er lagt inn i prognosene i 2. tertialrapport. Nedfall er ein kritisk situasjon, med trong for umiddelbare tiltak. Det kan bli ekstraordinære kostnadnar enkelte år, slik som i 2018 – avhengig av kor stort etterslepet er i dei tunnelane som vert inspisert.

Oppfølging: SVV må kartlegga nærmare behov dei komande åra. Årleg omfang, prioritering og finansiering må avklarast i samband med budsjettprosess og rapportering, samt oppfølging av driftskontraktane.

2. Standardval Fv 47 Fagerheim – Ekrene i Haugalandspakken og kort orientering om status for Haugalandspakken - særlig prosjekt i Hordaland. Ivar Thorkildsen frå SVV orienterer.

Ivar Thorkildsen frå SVV Vegavdeling Rogaland orienterte om status for Haugalandspakken. HFK har kome med merknad i planuttale til prosjektet Fv47 Fagerheim-Ekrene, som skal gi ny hovudveg mellom Haugesund og Sveio. I planuttalen ber fylkeskommunen vegvesenet om å revurdera dei standardane som er vald. KVU syner



investeringsbehov på 15 mrd. kr. på Haugalandet i infrastruktur, der ein god del er vegutbygging. Thorkildsen ønskjer at HFK stiller med representant i administrativ koordineringsgruppe for Haugalandspakken, slik at ein kan diskutera standardval der, og ta det vidare til styringsgruppa for avgjerd.

Under arbeid: KVU Haugesund er både ei by-KVU og ei streknings-KVU. Styringsgruppa har diskutert ytterlegare bompengefinansiering for Haugalandet for vidare.

3. Status for Kvinnheradpakken.

Kristian Bauge (SVV) orienterte om status for Kvinnheradpakken. Det har vore jobba mykje med å få ein føremålstenleg prosjektporlefølje. Ni prosjekt til omlag 750 mill. kr. utgjer pakken. Det er relativt sett lite bompengefinansiering i pakken. I finansieringa inngår mellom anna kommunale midlar og rassikringsmidlar.

Bompengeinkreving på ferje er vurdert som mest føremålstenleg, då det er lågare innkrevingskostnadar knytt til dette. Departementet ønsker å gå bort frå innkreving på ferje om det ikkje er eit ferjeavløysingprosjekt. SVV vart bedne om å sjå på alternative innkrevingssformer. Ferjeprisar og føreslått bompengepåslag vart presentert.

Pakken er førehandsgodkjent i Vegdirektoratet, sendt til politisk handsaming i Kvinnherad kommune og på høyring til Etne og Stord kommunar. Den vert handsama i kommunestyret i Kvinnherad 25. oktober og er venta som sak i fylkestinget i desember.

Fylkesrådmannen har fått politisk bestilling av sak om AutoPASS-regulativet, og moglegheitene for å revurdera vedtaket om å gå inn i AutoPASS. Politisk ønskjer ein gunstige løysingar for ferjependlarar.

4. Fv107 Nordrepollen-Austrepollen – Forprosjekt. Matti Torgersen (HFK) orienterer.

Matti Torgersen orienterte om forprosjekt for Fv107 Nordrepollen-Austrepollen. Norconsult leverte ein rapport i desember 2017. Kommunane kom med innspeil til rapporten der dei ønskte vurdering av nye alternativ for tunnelpåhogg. Dei var ikkje samde i vurdering av trafikkvekst og kostnadar. Etter innspeila har det no kome ein revidert rapport. Det er tilrådd tunnel, med to ulike alternativ (linje 1 og linje 6), etter at siling er gjennomført. Linje 1 inneber ein kortare og rimelegare tunnel enn linje 6. I revidert rapport er kostnadane vesentleg reduserte. Rassikringsmidlar vil vera avgjande for om prosjektet vil kunne la seg realisera. Om det kjem ny veg er det viktig å avklara kva ein skal gjera med eksisterande veg.

Det vart drøfta om vidare planarbeid på strekninga bør prioriterast. Norconsult tilrår oppstart av reguleringsplan med konsekvensutgreiing, som avgjer alternativ 1 eller 6.

Oppfølging: HFK skal ha møte med kommunane om prosjektet.

5. Investeringsprogram

a. Kort om status for arbeidet og vidare framdrift

Håvard Mørch Hunskaar (SVV) orienterte om status og vidare framdrift i arbeidet med rullering av investeringsprogrammet. 28. september vart det presentert eit utkast. Økonomiske rammer er avklart, med atterhald om endringar i politisk handsaming av fylkesbudsjettet. Målet er å presentera rullert investeringsprogram i MISA 7. november, med politisk handsaming i møtet 28. november, i fylkesutvalet 6. desember og fylkestinget 11.-12. desember.

b. Prioriteringar innanfor programområde kollektiv

Ståle Furnes (SVV) og Inge Edvardsen (HFK) presenterte prioriteringane for programområde kollektiv.



Faggruppe kollektiv jobbar gjennom året med prioriteringane for påfølgande år. Innspel til prioriteringar kjem både frå publikum og Skyss.

c. Prioriteringar innanfor programområde TS

Svein Viken (SVV) presenterte prioriteringane for programområde trafikksikring. Moglege tiltak vert henta/spelt inn frå mange plassar, som kommunale trafikksikringsplanar, ulykkesregistrering og -statistikk, ulykkesanalysar, trafikkinformasjon, veginformasjon, forslag frå publikum, kommunar og fylkeskommunen og frå effektkatalogar.

Fire typar tiltak er særleg viktige:

- Vegbelysning av gangfelt og inngangsportalar i tunnel
- Gangfelt og fortau,
- Fartsdemping
- Sideterreng, der rekverk ofte er eit godt tiltak.

d. Programområde forsterkning 2018 – bruk av ekstraløyving

Kari Beate Rong (SVV) orienterte om bruken av ekstraløyvinga til forsterking. Ekstraløyvinga har gjort det mogleg å realisera ganske mange tiltak. Det er fleire ferdigstilte tiltak som mellom anna inneber masseutskifting, kantforsterking, reparasjonar av setningsskadar og synkehøl osb. Tiltaka som er sett opp gjeld strekningar, der kvar strekning har fleire punkt. Det er fleire prosjekt i gang som vert ferdige i år, men kva tid tiltaka vert fakturert vil ha noko å seia om dei kjem inn på rekneskapet for 2018 eller 2019.

Det vart elles orientert om status for ulike budsjettpostar i investeringsprogrammet 2018.

e. Gjennomgang av planprogram for 2019.

Håvard Mørch Hunskaar, Hege Løtveit og Sindre Lillebø (SVV) orienterte om prioriteringane i planprogrammet for 2019.

Hege Løtveit orienterte om nye innspel til planprogrammet. Fleire prosjekt er i ein avslutningsfase. SVV har difor kome med forslag til nye planprosjekt, dei fleste er mindre prosjekt. Planprosjekta inkluderer nytt eller utbetra gang- og sykkeltilbod og kryssutbetring. Dei nye forslaga vert ført inn i investeringsprogrammet som moglege nye planprosjekt, då det er noko usikkerheit om igangsetting, framtidig finansiering og anna.

Planlegging av Fv565 Hilland – grense Lindås/Radøy vart diskutert.

Planane på planprogrammet vert ikkje ført opp i prioritert rekkefølgje.

6. Regionreforma/sams vegadministrasjon – siste nytt

Fellesnemnda har vedtatt ein overordna administrativ struktur. Samferdsel vert delt i to, begge avdelingar skal rapportera til same hovudutval. Avdeling for infrastruktur og veg skal styrast frå Sogn og Fjordane, medan avdeling for mobilitet og kollektiv vil bli styrt frå Hordaland. Nye fylkesdirektørar skal tilsettast. Sams vegadministrasjon vil gå inn under Avdeling for infrastruktur og veg. Prosjekt for ny vegadministrasjon (mellan HFK og SFFK) skal innan midten av desember definera på overordna nivå ambisjonar og innhald for vegadministrasjonen.

7. Nye politiske vedtak/bestillingar som SVV skal følgje opp eller vere orientert om

Politiske vedtak til oppfølging frå siste møte i MISA og fylkestinget vert sendt ut i etterkant av møtet.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

8. Ymse

a. Møte med Lindås kommune

HFK skal ha møte med Lindås kommune om ulike vefsaker. Tema vert mellom anna grunnundersøkingar i Kvamskleivane.

b. Førespurnad om refusjon

Førespurnad frå Askøy kommune om refusjon av ekstrakostnader knytt til vegprosjekt på Fv216 Skansen (Kleppe) vart drøfta. Kommunen har tidlegare fått refundert dei midlane dei har krav på etter fylkestingvedtak av 16. oktober 2012. Førespurnaden vil bli fylgt opp.